



Alver kommune  
Att: Josep Gayrbekov  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Alver kommune - Uttale til søknad om etablering av vannledning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn gnr113 bnr2 mfl

Vi syner til brev frå Alver kommune, datert 11.05.22, med vedlagt søknad frå Norconsult AS om etablering av vassledning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn, datert 16.03.22.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

**Fiskeridirektoratet region Vest meiner at følgjande vilkår må stillast for løyve for å unngå skade, fare eller restriksjonar, i det farvatnet som blir berørt av tiltaket, jf. lov om havner og farvann § 14, tredje ledd og § 16:**

- Skadar som måtte bli påført sjøkabel under utøving av fiske medfører ikkje automatisk erstatningsansvar for fiskarar.
- Sjøkabel må ikkje bli hengande oppe i vassjiktet.
- Bukter og område med gruntvatn er viktige for økosystemet langs kysten, mellom anna som oppvekstområde for fisk og skaldyr. Alt arbeid som skal foretas i samband med eit eventuelt løyve må gjennomførast på ein så skånsam måte som mogleg, slik at det omkringliggande miljø i så liten grad som mogleg påverkast.
- Tiltaket bør ikkje gjennomførast i gyteperioden til torsk som er i perioden januar til og med april, og det bør det nyttast siltgardin.
- Sjøkabel, med lodd eller andre forankringar, må utformast slik at fiskereiskap ikkje hefter.
- Fiskarlaget må varslast før oppstart av tiltaket for å unngå konflikt med eventuell fiskeriaktivitet i området.

### Om søknaden

Norconsult AS søker om å etablere vassleidning mellom Eidsvatnet og Sjursetvatnet i Alver kommune. Føremålet med tiltaket er industrivassforsyning til Mongstad. Tiltaket er i strid med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023, og Norconsult AS har søkt om dispensasjon frå dei ulike arealføremåla og omsynssonene i planen som tiltaket får følgjer for. Kommunen opplyser at sjøleidningen vil kome inn på eit gyteområde.

### **Vår vurdering**

Fiskeridirektoratet region Vest meiner teikningane som er vedlagt søknaden er noko vanskelege å lese. Utifrå det vi kan sjå vil leidningen mellom anna gå ut i Lurefjorden og Lindåsosane ved Skornesvegen. Korleis den vil gå herfrå er noko utydeleg.

I verken Eidsvatnet eller Sjursetvatnet er det i kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) registrert fiskeriinteresser eller marint biologisk mangfald som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførast. Men i Lurefjorden er det registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk med høg verdikategorisering, eit gyteområde for torsk, og eit fiskeområde med passive reiskap. Fiskeområde er mest brukt til fritidsfiske.

I tillegg er Lurefjorden og Lindåsosane eit verna område som er regulert av eigen [verneforskrift](#). Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå § 3 i denne forskrifta. Vi føreset at søker avklarar med Statsforvaltar om dette er nødvendig.

**Vi ber om at våre forslag til vilkår takast med i eit eventuelt løyve, og at vi får kopi av vedtak i saken.**

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Kystverket

Statsforvaltaren I Vestland

Vestland Fylkeskommune

Slottsgaten 3

Postboks 1502

Njøsavegen 2

Postboks 7900

5003

6025

6863

5020

Bergen

Ålesund

Leikanger

Bergen

